



Notat

Dato: 17.01.2017
Arkivsak: 2014/1552-40
Saksbehandlar: gurklyv

Til: Anne Gine Hestetun, Fylkesordfører

Frå: Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

Underskrift på kvittering for mottak av forkynning av krav om sak for jordskifteretten. Flatekvaal gnr 61 m.fl. i Voss kommune.

Frå Indre Hordaland jordskifterett har Hordaland fylkeskommune motteke forkynning av krav om sak for jordskifteretten i brev av 10.01.2017. Kravet er registrert hos jordskifteretten som sak nr. 16-199497RFA-JVOS FLATEKVAAL gnr 61 m.fl.

Rekvirenten er Lars Aslak Flatekvål. Han er eigar av gnr 61, bnr 1 i Voss kommune, og ønskjer å få fastsett eigedomen sine grenser i fjell-/stølsområdet mot Lønahorgi. Sjå vedlagte kart.

Hordaland fylkeskommune er saman med andre eigarar i området trekt inn som partar i saka. Vi er eigar av gnr 60, bnr 1 - Voss jordbruksskule.

Vi ber om signatur på vedlagte mottakskvittering frå jordskifteretten.

Eigedomsavdelinga vil følgje opp saka og ha dialog med Voss jordbruksskule.

Guro Klyve
Eigedomsavdelinga